

**19.03.2024**

**GAMLE-RIKARD BERGE**

Temakveld knytt til musikkarven etter GAMLE-RIKARD BERGE

Tid: 19.00-21.00

Stad: Raulandsakademiet

**Musikk og forteljing ved Øyonn Groven Myhren og Leiv Solberg**



Rikard Aslaksson Berge (1815 -1902) blei på eldre dagar kalla "Gamle-Rikard", då dottersonen Rikard også budde på Berge.

Han var ein kjend mann i bygda, hadde godt minne, søkte kunnskap og fylgde godt med i samtida. Var ordførar i fleire omgangar, og hjelpte Myllarguten med formalitetar rundt gardhandel. Ivar Aasen oppsøkte han, og noterte flittig medan Rikard arbeidde. Og han møtte den nesten jamgamle A.O. Vinje.

Rikard Aslaksson Berge let etter seg ein musikalsk arv av slåttar, viser tekster og folketonar. Barnebarnet Rikard Berge(1881 -1969), tok vare på mykje av denne arven i utgjevinga "Norsk Visefugg"i 1904. Melodiane blei her transkribert av Arne Eggen.

Mykje av vokal-og slåttetilfanget etter han er også overlevert munnleg fram til i dag.

Dette materialet er ufortent lite kjent og gjev eit tidsbilete av eit levande musikkmiljø på 1800-talet.

Øyonn og Leiv, tremenningar og erfarne musikarar, har no for fyrste gong gjenge grundig inn i kjeldene til musikken etter "Gamle-Rikard", som var deira felles tippoldefar.

Me får høyre både song og hardingfele, langeleik, seljefløyte, og cister/mandola.

Og Øyonn har kanskje med seg lyra si.

Musikarane legg opp til dialog med publikum, og tek gjerne mot både spørsmål og innslag med opplysingar om denne musikktradisjonen.

Kaffi, kaker og røur etterpå.

Inngang kr 150 for studentar og medlemmer

Inngang kr 250 for ikkje-medlemmer.

Arr. Rauland Historielag og Rauland Folkeakademi